

## **Snart er det fullmåne**

Når vi har fullmåne, er månen heilt rund.  
Han heng som ein ball på himmelen.

Du ser at han lyser om natta.  
Lyset lagar skuggar av trea.

Etter fullmåne blir månen mindre.  
Til slutt blir han til ein strek.  
Etter det er månen borte.

Mange gler seg til fullmåne.  
Dei ser mot himmelen.  
Dei følger med på korleis månen ser ut.  
Først er månen ein liten, tynn strek.  
Men så blir streken tjukkare.  
Snart er han blitt fullmåne igjen.

Brukar du månen når du saknar nokon?  
Det er mange som gjer det.  
Dei ringer til den dei saknar.  
Så avtalar dei å sjå på månen samtidig.  
Då er dei litt saman likevel.